

## Informasjonsmøte

Me ønskjer ungdom og foreldre/føresette velkommen til informasjonsmøte om konfirmasjon i kyrkjene på Bømlo i 2025

Her får de vita meir om konfirmantopplegget i kyrkja.

Moster kyrkje 11. mars kl. 17.30

Lykling kyrkje 12. mars kl. 19.00

Bømlo kyrkje 13. mars kl. 17.00

Bremnes kyrkje 13. mars kl. 18.00

Korleis melder ein seg på til konfirmantåret?

Etter informasjonsmøtet melder ein seg på til konfirmasjon via kyrkja si nettside: [www.bomlo.kyrkja.no](http://www.bomlo.kyrkja.no)

**Påmeldingsfrist 10. mai**



# KONFIRMANT

## Bømlo 2025



Konfirmasjon i kyrkja handlar om å utforska kristen tru og dei store spørsmåla i livet. Du er velkommen til konfirmasjon i kyrkja uansett om du trur, tviler eller berre er nysgjerrig. I konfirmasjonstida får du læra meir om deg sjølv og Gud. Me snakkar om livet - på godt og vondt.

### Aktivitetar i konfirmantåret

I løpet av konfirmantåret er du med på konfirmantleir, gudstenester, undervisning, miljøtiltak, fasteaksjon og nokre samlingar for både konfirmantar og foreldre. Detaljert årsplan vert utdelt ved oppstart av konfirmantåret i august.

Bli med på ei spanande reise fram til konfirmasjonsdagen våren 2025!



### Er du ikkje døypt?

Du er velkommen til å vera med i konfirmanttida sjølv om du ikkje er døypt. For å bli konfirmert må du vera døypt. Kvart år blir fleire konfirmantar døypt hos oss. Ta kontakt med kyrkjekontoret, så finn me ein fin måte å gjennomføra dåpen.

### Konfirmantavgift: kr. 2000,-

Dette dekkjer ulike aktivitetar, utgifter ved innkjøp av konfirmantmateriell og stell av konfirmantkappene.

Me ynskjer ikkje at prisen skal vera avgjerande for om du vel å vera konfirmant eller ikkje. Det kan søkjast om støtte til konfirmantavgifta eller beløpet kan delast i to. Ta kontakt med kyrkjekontoret.

### Behov for tilrettelagt konfirmantundervisning?

Dersom du har behov for det, ordnar me med tilrettelagde løysingar for konfirmantundervisninga. Det er viktig at me får beskjed i god tid, slik at me kan lage eit best mogleg opplegg. Gje oss nokre stikkord i feltet "Litt om deg ", send ein e-mail eller ta kontakt med kyrkjekontoret.

Velkomen som konfirmant i kyrkjene på Bømlo!

Med venleg helsing sokneråda og dei tilsette i kyrkjene på Bømlo

### Lurer du på noko, ta kontakt med oss:

#### **Liv Merete Fylkesnes Pedersen**

Kyrkjelydspedagog  
99 54 34 51

[liv.merete.pedersen@bomlo.kommune.no](mailto:liv.merete.pedersen@bomlo.kommune.no)

#### **Marta Havn**

Kyrkjelydspedagog  
93 80 57 93

[marta.havn@bomlo.kommune.no](mailto:marta.havn@bomlo.kommune.no)

#### **Hildegunn Andal**

Kyrkjelydspedagog  
41 47 78 70

[hildegunn.andal@bomlo.kommune.no](mailto:hildegunn.andal@bomlo.kommune.no)

#### **Aksel Lygre**

Sokneprest  
91 80 70 24  
[aksel.lygre@bomlo.kommune.no](mailto:aksel.lygre@bomlo.kommune.no)